

HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

REFERAT FRÅ STYREMØTE, 14.04.2023

Ullensvang Hotel, Lofthus i Hardanger

Til stades: Odd Gunnar Vikan, Johan Vaa, Gjermund Geirsta, Hans G. Myklatun og Harald Alvavoll (vara for Torgils Eide).

Stein Verpe vart hindra av stengde fjellovergangar (over RV7, Hol-Aurland og Hemsedal).

Grunna værtilhøva (fleire køyrde m.a. om Fagernes og Filefjell) kom styremøtet ikkje i gang før kl.14.20 (innkalt til kl.11.00). Sjølv årsmøtet skulle ha starta kl.14.00, slik at det vart i det heile dårleg tid. Fleire saker vart dimed ikkje handsama.

Sak 1. Reiseskjema

Rutinesak, ordna i ettertid.

Sak 2. Årsmøtesaker

Gjennomgang av einskildssakene og presentasjonsfordeling for årsmøtet.

Vedtak: Årsmøtet gjennomføres som planlagt, men ein halv time etter skjema.

Sak 3. Kontingentrestansar

Med så vidt betydelege restansar (om lag kr.80.000 pr. 31.12) må dette takast meir alvorleg. Nå ved årsmøtetid er restansene omlag halvert.

Vedtak: Vi må ha skjerp fokus på kontingentinngangen. Kravet som går ut nå etter årsmøtet må ha betalingsfrist og må fylgjast opp med purring (både postalt m/ny giro og ved respektive styremedlemmer).

Styret må i seinare møte ta stilling til håndtering av uteståande (eldre) krav.

Sak 4. Stiftinga «Redd Villreinen»

Ein registrer at Hardangervidda har fått ein ny aktør, med betydeleg fagleg og økonomisk styrke. Ein oppfatter det slik at stiftinga har fokus på auka forskingsmessig innsats til gode for reinens framtid i ei kristisk stode med CWD-forekomst. HG ser positivt på dette initiativet og vonar sumeffekten kan bli til bate for reinen. Vidare ser ein at stiftinga har markert kritikk på det ein opplever som manglande innsyn i relevante protokollar.

Vedtak: HG ynskjer stiftinga «Redd Villreinen» velkommen til godt samarbeid til beste for ei god fagbasert forvaltning framover. Styret i HG ser det som positivt at stiftinga vil yte midlar til forskning på CWD.

Ein oppfatter det slik at stiftinga vil bli aktør i bestandsforvaltninga på HV, og at ein ved høyringa på ny bestandsplan har distribuert eit framlegg for ymse vald og bede dei slutte seg til det som der er sagt. Dette engasjementet er greit

nok, men HG-styret meiner noverande struktur i forvaltningssystemet er god, slik at Villreinutvalet må vektlegge det som kjem beinveges frå valda. HG-styret meiner at det i prinsippet bør vera ope innsyn i sakshandsaminga i organa på Hardangervidda.

Sak 5. Diverse

Gjermund orienterte om nyleg avholdt teamsmøte i Hardangerviddarådet, 11.04, der han deltok frå vår side.

Hans hadde deltatt i teamsmøte med Lena Romtveit, om arbeidet med tiltaksplanen.

Vedtak: Til orientering

Utsette saker:

- 1) Uteståande kontingentar – vidare handsaming.
- 2) Framlegg til høgding av godtgjeringsssatsane i Villreinutvalet.

Nils Bjørn Vistad
sekr./ref